

Kjære medlemmar.

På denne bloggen legg vi ut medlemmane sine egne tekstar -  
Kva som helst av tankar, dikt, litteratur - skjønn og uskjønn...

*Den første heiter "Eventyrleg årsmøte i Alta", og er forfatta av Kjellaug Råd Johnsen.  
Kjellaug bur i Tromsø, er 86 år gammal, og praktiserer mellom anna esperanto.*

*Ho var ein av dei som gjorde Nordnorsk forfatterlag synleg gjennom to dagar i Alta ved å  
vere bypoet.*

*Tusen takk for at du gjorde ein viktig innsats for laget, Kjellaug!*

## Eventyrleg årsmøte i Alta

Må tilstå at eg ikkje melde meg på årsmøtet for å gjere ein innsats for laget, men rett og slett av eventyrlyst. Burde vel skamme meg, men gjer ikkje det.

Og eventyr vart det!

For meg vart årsmøtet opna med hundeglam. Europas lengste hundeløp starta nemleg i Alta, like utanfor hotellet vårt. Hundespann etter hundespann, elleville, eventyrlystne, hoppande glade hundar som eg følte kontakt med og fryda meg saman med.

Eg tok bustad i ein av dei, ein svart med kvite sokkar. For eit levande vesen, vi tok spiralhopp (min eigen 86 års gamle kropp la eg frå meg). Draum kalla eg hunden og eg vart ein del av Draum.

Om eg skulle fortelje alt vi opplevde på turen ville det blitt bok av det. Men nettene med dansande flammande nordlys, stavnordlys, som rakk frå himmelrom heilt til den snøkvite bakken, det var eventyr det. Større eventyr finst ikkje.

Å bu på hotell er ikkje kvardagskost for meg. I mange år har eg ønskt å smake på den omsnakka kongekrabben. Endeleg her fekk eg det, vel, ikkje berre smake, vi kunne ete alt vi ville. Eg åt masse, sjølv om eg tykte krabben vi fiska på vestlandskysten var betre. Reinsdyrhjarte i fløytesaus hadde eg heller aldri smakt før. Nam, nam, det var godt det. Eit eventyr for smaksansen.

Så fekk eg vera bypoet. Det likte eg. Eg elsker Shakespeare, og seier gjerne som han:

- Eg vil gå som ein narr i livet og ringe med narrebjøller.

Å gå i gatene som bypoet gjorde at eg møtte ulike menneskjer, og fekk fin kontakt med dei fleste. Mange sa dei likte dikta mine. Det gjer godt å høyra slikt. På ein kafé sat mest alle og såg på ein storskjerm. Såg på meisterskap i skiskyting. Først tenkte eg, her kan eg ikkje lese, men så fekk eg auge på ei gruppe unge menneskjer som sat for seg sjølv i ein krok, og ikkje var interessert i skjermen. Dei ville høyra dikt, men ei av dei sa:

- Her er det berre eg som kan norsk, får eg lov å oversette?

Ho gjorde det så fint, og var så flink, og eg tenkte i etterkant, så dumt at eg ikkje fekk den oversettinga skriftleg.

Ungdomane strålte i mot meg og eg vart glad. Nokre heilt unge blei også interessert i dikta mine, og ein ung gut sa:

- Eg likar å skrive eg óg.

To store ungar fekk eg også god kontakt med, og eit par eldre damer skrytte av det eg las opp, og eg vart kry.

Deretter fekk eg sjå ein flokk med kokkar som stod å venta på oppdrag, dei hadde så fine kjempehøge hattar som imponerte meg. Eg fekk lesa for dei, men så fekk dei oppdrag, ein etter ein, og måtte av stad for å jobbe, så dei fekk ikkje med alt.

Å få vera bypoet var for meg eit spanande eventyr.

Før det ordinære årsmøtet fekk vi tid til ein tur i det nyopna Badelandet i Alta City. Kanskje det var det største eventyret for meg. - Eg er gammal og morken, men når eg kjem i bassenget kjenner eg meg ung. Eg elsker å symje – likar å boltre meg i vatn. Her var heile "badelandet" eventyrvakkert, og eg blei med eitt både ung og lett.

Sjølve årsmøtet? - Vel, eg sat stille og pent, i ro og lytta og var opp i under over kor flinke dei var til å ordne opp i store og små problem. Men så, med eit var det noko som fanga meg.

Årsmøte til neste år. Kan det bli nye eventyr?

Margunn Hageberg sa ein gong at ho ynskte at årsmøtet kunne vera på hurtigruta. Det tente eg på. For vi veit jo at det frå heile Nordland, Troms og Finnmark er gode bussamband ut til kysten, ut til "dampen". Fekk vi skipa til eit årsmøte på hurtigruta, så kunne medlemmane gå ombord, på det anløpet som er nærmast sin eigen heim plass.

Forfattarlaget måtte sjølv sagt få til ei avtale med hurtigruta om at forfattarane kunne underhalde, og vi kunne starte med underhaldning frå første dag, og med det få gratis, eller sterkt redusert pris. I tillegg kunne vi markere forfattarlaget på land, der hurtigruta har lang liggetid, og på kaia eller i venterom, der båten låg kortare tid.

Sjølve årsmøtet kunne vi ha når alle var komne om bord. Men stakkars meg, vert det storm vil nok eg ligge på dekket og spy.

Via internasjonale avino Klarino.